

## Årsmelding

for Keipen turlag, Bremanger kommune. 1993.

I styret for laget har i 1993 vore:

Rolv Yttrehus	leiar
Hans Bakke	nestleiar
Olga Aarsnes	kasserar
Tone de Presno	sokreter
Kirsten Grotle	
Oddveig Vetvik	
Dag Storakre	

Laget har pr. 9/12-93 61 medlemer.

I 1993 har det vore halde 2 styremøter, og behandla 8 saker.

Laget har møtt med 2 utsendingar til årsmøtet i SFT, og med 2 utsendingar til fellesmøtet.

Det har i 1993 vore gjennomført 8 dagsturar, med tilsaman 165 deltagarar. Av kveldstyrar har det vore gjennomført 30 turar i ytre Bremanger, med i alt 121 deltagarar. I indre Bremanger 9 turar med i alt 61 deltagarar. Totalt 347 turdeltakarar i 1993.

Aktiviteten i turlaget har dette året vore prega av arbeidet med varding og merking av turstiane Berleneset-Hornelen Svelgen-Vingen og Åskora-Ålfobreen. Dette arbeidet er no fullført.

Bokførde kostnader ved anlegga er Kr. 79186,50. Av dette er Kr. 29058,50 pengeutlegg, og Kr. 50148,- dugnadsarbeid. Det har vore utført 1194 timer dugnadsarbeid.

Turlaget har også igang merking av tursti Myklebustsætra-Sæterdalsvatnet. Dette arbeidet skal vere fullført til våren. Turlaget vil takke grunneigarane for den velviljen dei har vist ved desse stianlegga.

S tyret.